

Revidert 7.10.1980.

Reguleringsføresegner i tilknytning til reguleringsplan for  
Drotning nedre, Vinje kommune.

---

§ 1.

Det regulerte område er vist på planen med reguleringsgrense.

Bustadområde.

§ 2.

- a) I området kan oppførast bustadhus i inntil 2 etasjar med tilhøyrande garasjar.  
Der terrenget ligg til rette for det, kan bygningsrådet tillata innreidd sokkeletasje for 1 etasjes hus.
- b) Høgda på bygningane må ikkje overstiga 6,0 meter for 1 etasjes hus og 8,5 meter for 2 etasjes hus. Høgda vert rekna frå ferdig planert terreng.
- c) Grunnflata til bygningane, medrekna garasje/uthus, skal ikkje overstiga 15% av nettoarealet til tomta.

§ 3.

- a) Garasje/uthus skal tilpassast bustadhuset med omsyn til materialval, form og farge.
- b) Garasje kan berre oppførast i 1 etasje, med maksimum grunnflate 50 m<sup>2</sup>.
- c) Plassering av garasje skal vera vist på situasjonsplan som fylgjer byggemeldinga for bustadhuset, sjølv om garasjen ikkje skal oppførast samtidig med dette.
- d) I tillegg til garasje skal det vera oppstillingsplass på eigen grunn for 1 bil.

§ 4.

- a) Bygningane skal ha saltak. Takvinkelen skal vera 20-30°. Det er ikkje tillete med arkar eller nedskjering i takflata.
- b) Taktekking skal ha matt og mørk verknad.  
Vanleg papptekking, vanlege blanke bølgeblekk- og panneblekkplater er ikkje tillete.

c) Som ytterkledning skal nyttast ståande kledning.

§ 5.

Eksisterande vegetasjon skal takast vare på så langt råd er.

§ 6. planen med reguleringsgrense.

Utføring, høgd og farge på gjerde skal godkjennast av bygningsrådet. Gjerdehøgda skal ikkje overstiga 0,8 meter inkludert sokkel.

§ 7.

I området kan oppførast Friområde. i inntil 2 etasjer med tilhørende garasjer.

I friområde kan bygningsrådet tillata oppført bygningar etter anlegg som har naturleg tilknytning til områda.

§ 8.

- a) Avkørsel til offentlig veg skal vera oversiktleg og mest mogleg trafikksikker.
- b) Inga tomt må tilplantast med tre eller buskar som etter bygningsrådet sitt skjønn kan vera sjenerande for offentlig ferdsel.

§ 9.

Bygningsrådet kan, når særlege grunnar talar for det, tillata mindre vesentlege unntak frå desse reguleringsføresegnene innafor ramma av Bygningsloven og bygningsvedtektene for Vinje kommune.

ooo 0 ooo

§ 4.

- a) Bygningane skal ha saltak. Takvinkelane skal vera 20-30°. Det er ikkje tillette med arkar eller nedskjering i takflate.
- b) Taktekking skal ha matt og verkverknad. Vindelapptekking, varlege blanke høgjeblekk- og pannerblekkplater er ikkje tillate.